



Både statsråd Helga Pedersen og ordførarkandidat Synnøve Solbakken likte Uskedalen-panoramet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fiskeri- og kystminister Helga Pedersen streka ved valvitjinga si hos Hjørnevåg torsdag under at også dei små fiskematprodusentane må ha livets rett.

– Det er positivt at dei kan klare seg og vi må ta vare på dette mangfaldet, sa ho medan ho smaka på produkta til den framgangsrike og tradisjonsrike verksemnda på Børneset. No er det 12 årsverk hos Hjørnevåg.

Statsråden, som også er nestleiar i Arbeidarpartiet, var undervegs til samferdsledebatt på Etnemarknaden og dette var den einaste stoppen hennar i Kvinnherad. Ho var to timer hos Hjørnevåg medan det eigentleg var planlagt bere ein timelang visitt.

Ordførarkandidat Synnøve Solbakken var sjåfør og guide og også den lokale politikarveteranen Knut Sjøwall var deltakar i møtet. To generasjonar Hjørnevåg - Alf, Harald og Marit – var vertskap og baud naturleg nok også på smaksprøver av produkta.

Synnøve Solbakken orienterte statsråden om kommunen. – Det er godt å bu i Kvinnherad, men folketalet går no litt i feil retning og det må det gjerast noko med ved nyetableringar, sa Solbakken. Men ho streka samstundes under at kommunen har eit godt og variert næringsliv og er prega av ei god dugnadsånd. Det siste gjeld ikkje minst Uskedalen, sa ordførarkandidaten.

Dei tre "Hjørnevågane" orienterte om bedriftshistoria som starta med at sogningen Henrik Bastian Hjørnevåg slo seg ned i Uskedalen for 56 år sidan. Dagleg leiar Marit, som tok over leiinga i 2003, roste staben sin og peika på at mange har jobba lenge hos Hjørnevåg.

Men ho saknar eit miljø i form av liknande produksjonsbedrifter. Det er vanskeleg å rekruttera nye medarbeidarar. Statsråden sa at det no er tankar om etablering av eit nettverk av dei små og Marit medga at dei må jobba meir med dette.

- Vi må søkja samarbeidspartnarar. Saman er vi sterkare, medga Hjørnevåg-sjefen.



Statsråden klar til å smaka på Hjørnevåg-produkta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Marknaden for Hjørnevåg er utvida etterkvart og siste året er betydelege kvanta også levert til grossistar. No når Hjørnevåg-produkta heilt til Oslo, Trondheim og Kristiansand.



Hjørnevåg prøvde seg med ein liten rebus til statsråd-vitjinga. Kva står det her, tru? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Naturleg nok var kommunikasjonar eit svært aktuelt tema og vertskapet peika på at kommunikasjonane faktisk var betre før i denne delen av landet fordi ferjene gjekk tidlegare.

- Vi driv i ein bransje som har dårleg tid og tre og ein halv time er lang transport-tid til Haugesund og Bergen, sa Marit og etterlyste betre løysingar.

Transport-tida er også ein hemske når ein må henta fagfolk frå Bergen til Uskedalen.

- Eit døgn forseinka transport er eit døgn med tapt sal, sa Marit.

Statsråden svara: - Eg har no køyrt gjennom distriktet og sett dei store behova. Vi prioriterar samferdsle høgt og kjem til å halda fram med det, ikkje minst av omsyn til distrikta.

Harald Hjørnevåg: - Men transporten mellom regionane må prioriterast først, lokalt kan vi alltid klare oss!

Ellers ba Marit om meir støtte til marknadsføring av fisk, som er sunn mat. Statsråden svara at departementet ikkje kunne bevilga meir marknadsføringsmidlar direkte, men opplyste at det no kjem ein kampanje for betre kosthald der fisken har stor plass.

Ho hadde vitja sjømatsenteret i Bergen som ho tykte var svært spanande.

Rømminga frå oppdrettsanlegga var også eit tema under statsrådvitjinga. Fiskeriministeren var glad for at oppdrettsanlegga no tek dette meir på ålvor og at rømminga er halvert i første halvår i år samanlikna med same tidsbolken i fjor. Men enno rømmer altfor mykje fisk og målet er null rømming.

Av Ola Matti Mathisen



Klare for to interessante timar hos Hjørnevåg: Frå høgre står dagleg leiar Marit Hjørnevåg, statsråd Helga Pedersen, ordførarkandidat Synnøve Solbakken, fiskehandlar Harald Hjørnevåg, og politikarveteran Knut Sjøwall. (Foto: Ola Matti Mathisen)